

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voss

Emne: Måltider og mat.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johannes Lid (f. 1886)

Gard: Lid

Botanisk Museum

(adresse): Oslo 45

G.nr. 189 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, fra 1890-åra.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Matskikkjar, mat og stellet i huset kjem til å skifta
frå tid til tid, og vil variera mykje ettersom huset
og innreiinga er og etter så mange det er i familien,
mindre etter som ein har råd til, for i ei bygd var, i
all fall før, skikkene nokså faste.

Heime hos oss var det i stovebygningen stove og kjø-
ken i fyrste høgda med ein gang til stova, neregangen,
og ein gang til kjøkenet, øvregangen. I kjøkenet var
det gamaldags skorstein, brei nede og open framover så
den var til å koka i. Det var plass til tre gryter jam-
sides, dei hekk i skjerdingar, men jamnast var to gry-
ter i bruk, ei potetgryte eller grautegryte og ei mas-
tingsgryte til å koka nonsmaten i eller til å verma
vatn i. I den eine kroa av skorsteinen var det så ein
steikeplass, anten var bakstehella oppmuſrt der, eller
ei mindre jernhella til å steikja mjølkekaker eller po-
tatkaker på. Det fyrste eg minnest var det ikkje eld-
hus heime hos oss, og skorsteinen gjorde difor teneste
som eldhus. Det var der vi heta vatn i storekjelen når
det var grisaslakting eller til storlauging eller sma-
lalauging, det var der me kokte blodkurven i storegry-
ta eller turka korn i henne. Sidan bygde han far eld-
hus og det meste av dette storstellet vart frå midt i
1890-åra overført til eldhuset, fyrst med åre midt på
golv, frå ca 190² med liknande skorstein som i kjø-
kenet, sett opp i svola attmed eldhuset slik at opnin-
gen inn i skorsteinen vart jamn med veggjen. Det var så
lett å byggja skorstein på Voss, for me fekk slik ein
god og høveleg stein på helleberget på Møn. — Men det
var kjøken! Attmed skorsteinen der stod kokomnen. Det

kakk

var av desse einfelde avlange firkanta kokeomnane med to gryterom og eit lite hol bakarst som vel var emna for kaffikjelen, men som hos oss ofta vart brukta med ringane liggjande på til å setja eit eller anna på som skulle haldast varmt, eller den ørvesle liiterstore kylpegryta kunne vera sett der til eit eller anna bruk. Om vintrane kunne det vera lange tider at skorsteinen i kjøkenet ikkje var i bruk, og det var då sett ei treluke i skorsteinsopningen, for elles vart det for kalt i kjøkenet. All maten vart då kokt i kokomnen, og mjølkekekaker og potetkaker steikt på panna, dei siste ofta på ringane og midtlåket. Då me ikri 1900, eller der omkring, kanskje det var så seint som 1902 hadde kjøpt ein brukte komfyr på Vangen, reiv me ned skorsteinen i kjøkenet og sette opp loddpipe i staden og sette komfyren attåt den. Det vart så mykje meir romsleg både i kjøkenet og i kammerset ovanpå av det, og det vart så mykje lettare med matstellet. Den elektriske komfyren som dei no brukar på Lid, er komen der lenge etter den tid eg var der.

1. I 1880- og 90-åra var det fire måltid om dagen.
Det er det same no òg, men på eit anna vis.
2. Det var biskjen, dauren, non og kjeldsmat. Biskjen var kl halvåtta om vinteren, om sumaren kl sju eller stundom i slåtten litt tidlegare. Dauren kl tolv, non kl fire og kveldsmaten kl. åtte.
3. Det var berre biskjen det var tidsskilnad på, men om hausten, var det sant, kunne dei setja non ut til det skynta eller vart for mykt til å arbeida. Heime på Lid kan eg ikkje minnast at me gjorde større skilnad i dette, men andre stader i bygda har eg høyrt fortalt om det. Dei rekna det for å vera å tjona bort noko av den ljose dagen med nonsetinga. På Løno hadde dei eit herme etter ein som var litt snøgg i snakket: Nei, sitja dei ikkje her og eta nonsmaten i mikkjelsmysse tider!
4. Ved ekstraarbeid som tresjing og pløyim om hausten var det berre dei vanlege ordinære måltidene. Men eg trur no å kunna minnast at når me hadde storpløyninga for oss, hadde me non fyrst kl. 5-6, for det var ikkje noko økt etter non då.
5. Non var hovudmåltidet både sumar og vinter. Om sumaren var det fast skikk å leggja seg til å kvila ein time etter dauren, dei fleste sov ein grand, men kl. halv to skulle ein vera på arbeidet att.

6. Nonsmaten var alltid varm rett, dei andre kunne vera det. Om vinteren var varm mjølkesupe fast rett hos oss, kokt av söt skuma mjølk og grynmjøl. Attåt supa åt me smørkling, smør og flatbrød utan noko anna på. Ost brukte me ikkje til kvardags då eg var liten, om sumaren kunne det einast vera saupprim, men sidan fekk me billig mysost på meieriet, 30 øre kiloet. Til middag var det graut og mjølk, varm graut vel så ofte som kald. Det var alltid rift om å få grava gryta, så det byttest me gutane om å få lov til å gjera. Då fekk me ein svett mjølk slått opp i. Eg hugsar at eg ein gong spurde henne mor om det ikkje let seg gjera å få fløyte i staden for mjølk når eg skulle grava gryta. Nei, da vilde vera fraossing da, sa ho mor. Smørkling etter grauten var ikkje vanleg, men eg tykkjest minnast at me borna fekk det nokså ofte like vel. Non var viktigaste måltidet om dagen, og maten varierte då mykje. Her skal eg rekna opp sumt:

- a. spekesild og poteter kokte med roset på; lutefisk og varme poteter; andre fiskerettar hugsar eg ikkje.
- b. blodkurv og flatbrød (ikkje poteter til);
- c. supandesoppa; brimlefse;
- d. raspekaker med kjøt og flesk; raspeballar med nyrefeitt i.
- e. røykekjøt og poteter (utan ros) kokt i lag med byggryn i mastingsgryta; Det same, men med både byggryn og erter, og oftast med flesk, det heitte erter og grynn, medan det fyrre heitte kjøt og grynesupe; morkurv og varme poteter (uruste); sosskjøt (reinskjøt); smalasteik (saueribbe); smalahove; smalaføter; spekekjøt (lår av smale); spekeflesk (lite brukt), spekeflesket vart brukt til supansoppe, til å koka og elles til å skøyta på maten med); steikt spekeflesk (vart oftare brukt); steikt korv, lapskaus, ferskt kalvakjøt.
- f. skyrsoppe (ein hende gong om sumaren, og då med spikekjøt attåt, og flatbrød); saupgraut og grynnagraut (ris) ein hende gong om vinteren.

Til raspekaker og sume kjøstretter høyrdet det sodd til, men oftast skulle det vera supe, brimsupe, grynsupe, grynn og ertesupe, sjeldnare ertesupe, mjølkesupe, saupsupe, saftsupe.

7. Heime på Lid hadde ikkje dei ymse dagane i veka sin faste rett til nons. Om sundagen skulle det gjerne alltid vera kjøttrett. Om sundagane var me elles vane å ha risengraut til bisk. Kjøtkaker gløymde eg ovanfor, men det er helst ein nyare rett som er komen i bruk etter at folk fekk seg kjøtkvern (frå 1900 av).
10. Flatbrødet var til bisk, og det var støtt flatbrød attåt nonsmaten.
12. Før brukte dei mykje meir røykekjøt og flesk og kurv enn no, og lite fisk. Når eg tenkje meg om så kan eg mest ikkje skyna korleis ho mor kunne variera nonsmaten, for det var ho flink til, når det skulle vera så få mål med fisk, kanskje berre ein gong for veka.
13. Smaleribbe, dampkøkt på tregrind i gryta er noko av det gildaste.
14. Høns, og fugl i det heile, rekna dei ikkje for etande, eller brukte det i all fall ikkje.

Det som er skildra her, er matskikk og -bruk hos ein vanleg gardemann på Voss kring hundreårs-skiftet. Husmenn, ja mange gardafolk også levde på ringare kost enn det er fortalt om her. Brimsupe var såleis ein svært vanleg superett. Smør og kjøt sparade dei på, det var den vara dei skulle venda, men poteter brukte dei mykje, og mykje graut.

Han Ola i Grønliene hadde ei herming etter ei lausetaus som hadde hyrt seg inn ein stad framme i Kværlne, ho var noko bleiskjæ i maole: Filk å poto haile haukløn. Ei onnor vossaferming: Å ga pao smalaføto haile hausten. Smalaføter var elles ein framifrå rett når dei var godt stelte og ein visste å fri seg frå klaumakken.

Oslo 28. mars 1951.

E.S. Grønsaker brukte folk lite og inkje. Heime hadde me alltid kålrøt (me sa kålrabi), og oftest gulerøter og pastinakk. Dei siste likte me godt, dei kunne stå ute om vinteren. Men mest var det kålrabi som me kokte litt av i kjøtmastingen. Elles hadde me svært ofte turrkokt kålrabi, "turrkokte neper". Då vart dei kokte til alt vatnet var eima bort og nepene vart brune og saftige og det smakte fruktukker av dei. Me brukte ofte turrkokt nepe på smørklingen. Me hadde òg kålrabi til å selja. Då han far hadde prestekøyringa til Oppsete i 1890-åra, tok han gjerne med seg nokre snedne neper pakka midt inne i høysekken så dei ikkje skulle klaka om vinteren, og dei hadde han god vending på til 10 øre stykket. Stundom dyrka me noko sukkererter og. Frukt var det lite av på Voss, men me fekk eple nede or Sokne (Granvin).